



NVE

Postboks 5091, Majorstua  
0301 Oslo  
Hjemmeside: <https://www.nve.no>

## Innsending av høringsuttalelse

### Informasjonsside

For mer informasjon les mer på:

[NVEs hjemmeside](#)

Fortsett med høringsuttalesen

Ja

### Personopplysninger

Navn

TOMAS SEIM

### Kontaktinformasjon

Er søker et selskap under stiftelse?

Søker er et selskap under stiftelse

Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

### Saksopplysninger

Innsending av høringsuttalelse til NVE.

NVEs saksnr.:	Sakstittel
201913014	Revisjon av konsesjonsvilkår - Røldal-Suldalsvassdragene

### Høringsuttalelse

Høringsuttalelse

Høyningsuttale til vilkårsrevisjon for Røldal-Suldal kraftanlegg

Røldal-Suldal kraftanlegg (RSK) har bidratt med omfattende negative miljøkonsekvensar for Røldal og omegn sidan utbygginga på 1960-talet. Omsider er det ein moglegheit til å endre på desse miljøfiendtlege vilkåra som ikkje lenger er akseptable med dagens miljøkunnskap. Difor forventar eg at NVE set strenge miljøkrav til konsesjonæren, som er i tråd med kunnskapen vi har i 2024.

NVE må setje seg godt inn i den samla belastninga RSK-utbygginga har hatt, og har i dag, både med tanke på miljø og samfunn. Dette inkluderer fråværet av minstevassføring, kraftig regulering av vatna, nedbygd og forringa natur og øydelagde økosystem. Det bør også vera ein sjølvfølgje at NVE vurderer nye vilkår ut frå dagens tilstand, der dei også tek omsyn til at området har hatt ei betydelig utbygging av småkraft dei siste åra. Samla sett er det grunn til å tru at Røldal i dag kanskje er det området som er hardast råka av vasskraftutbygging i Noreg. No når tilnærma alle elvar og vatn er bygd ut i Røldal (med velsignelse frå NVE), er det spesielt viktig at NVE gjer det som er mogleg for å betre miljøtilhøva i forbindelse med vilkårsrevisjon av RSK.

I Lyse Kraft DA sitt revisjonsdokument har dei mellom anna svara ut ei rekke krav frå Ullensvang kommune. Her avviser Lyse viktige foreslårte miljøforbetringar med grunngjeving i høge kostnader. For eksempel er det uhaldbart at minstevassføring i Novlefoss, eit av regionens store landemerke, blir avfeia som for dyrt, spesielt med tanke på

## Innsending av høringsuttalelse

dei betydelige inntektene Lyse Kraft genererer frå RSK. Eg forventar at NVE ikkje tek omsyn til Lyse sine synsingar om kor mykje naturen er verd, men gjer ei eigen kunnskapsbasert vurdering. Vurderinga bør ha som utgangspunkt at vi har ei naturkrise både i Noreg og i verda, og at nye vilkår skal stå seg i ei framtid der me vil vere endå meir avhengige av naturen og økosistema som framleis er intakte i dag. NVE bør også setje seg inn i næringsgrunnlaget i Røldal, og legge til rette for at Røldal kan leve vidare som ei turistbygd der folk kan trivast, i tillegg til å forsyne Noreg med naudsynt elektrisitet.

NVE må ta inn over seg at Noreg har forplikta seg til svært ambisiøse mål for å restaurere natur gjennom den nye naturavtalen. Difor er revisjon av desse vilkåra ei god moglegheit til å byrje på dette arbeidet med å la meir vatn renne i elvane, la dyrelivet kome tilbake til naturen, og unngå ei rovdrift på naturressursane som ikkje er bærekraftig.

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant informasjon

Vedlegg bilder